

Fjell kyrkjeblad

Informasjon for Fjell, Foldnes og Landro sokn
Nummer 5 – 2020



–Mykje fokus på redesign

Anette Lokøy Fjæreide fortel om
Basecamp RePro Redesign SIDE 4



➤ Ny kontor i Fjell kyrkje SIDE 6



➤ Foto frå T4 og T6 SIDE 10

Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellestråd


Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

Grafisk utforming: Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Anette Lokøy Fjæreide på Basecamp Repro Redesign

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringsar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **3. november**

Kontaktinformasjon



Adresse: Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd: 1506.35.46523

Leiar

Olav Martin Vik

Redaktør



Me planlegg og tenkjer gode tankar om framtida. Alt me skal gjere, alle stadar me skal reise til og korleis me skal organisere arbeidsdagen og fritida vår. Me har hatt det godt, me som bur i Noreg. Fridom, dei aller fleste har eit arbeid å gå til, og pensjon når me kjem så langt. Staten har masse pengar om det røyner på. Men, så veit me at mange slit med sjukdom gjennom livet, arbeidsløyse og andre utfordringar som set grenser for kva ein kan gjere og delta på. For mange kring i verda så handlar det om å overleve. Det er ikkje lett å sette seg inn i.

Covid-19 har råka oss alle. No får me alle erfare at me rår ikkje med alt. Me har fått erfare at det vert sett grenser for kva me kan finne på. Ingen reiser til utlandet, grenser for reiser innlands, me kan ikkje vere like sosiale som før og me kan til tider

knapt nok vere saman med familie. Det me har tatt som sjølvsgagt er ikkje sjølvsgagt lenger og me rår ikkje med det. Det er god lærdom, sjølv om me skulle vore forutan Covid-19. Me må be Gud fri oss og verda rundt oss for dette viruset. Det råkar mest der folk har det ille frå før. Be også for dei!

Forfølging av kristne kring i verda aukar. Ufattelege 260 millionar kristne lir under forfølging. Me høyrer og ser lite om det i media. På side 15 finn du lenker til organisasjonar som arbeider for dei forfølgde. Søndag 8. november vert markert kring i verda, som dei forfølgde sin dag. Be for dei forfølgde!

Andakt

For så høyt har Gud elsket verden at han gav sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv.

«Den lille bibel» eller Johannes 3, 16, det verset som kan sies å romme kjernen i Bibelens fortelling. Selv om et vers ikke kan måles med Bibelen som helhet finner man jo noe sentralt i dette verset.

Gud elsket verden som han hadde skapt og han elsker deg som er en del av den. Hans kjærlighet til oss er så stor at det iblant kan være vanskelig å forstå det. Og det er kanskje en av de mer utfordrende sidene ved troen; det er ikke alltid vi forstår det.

Vi klarer ikke troen eller livet på egenhånd, selv om vi gjerne liker å prøve. Vi trenger Jesus og det som ble gjort for oss da han døde på korset og stod opp igjen. Han tok vår plass. Vi kan prøve å være og bli bedre, men gjerningene våre er ikke det Gud måler oss på. Han ser forbi alt dette, han ser til hjertet og han har dag for dag ny nåde som vi alle kan få leve i.

Jeg blir stadig minnet på at dette er ganske fantastisk. At han ser oss slik, oss alminnelige mennesker. Vi kan få leve livet i hans kjærlighet fordi han har gjort det største av alt: sendt sin sønn til verden, for å frelse oss og få leve i felleskap med ham nå og i evigheten.



Maria Andersen Stokke

Ungdomsarbeidar



Kyrjekontoret i Øygarden har fått nytt telefonnummer: 400 03 316

Sentralbordet har fått eit nytt telefonnummer: 400 03 316.
Telefonen er ope måndag-fredag kl. 10.00-14.00

Utleige og utlån av kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus

Frå og med 1. oktober er det mogeleg å leige/låne kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus slik ein kunne før koronatida. Det er innført særskilte reglar for smittereinhaldd og smittesporing. Leigetakar/låntakar er ansvarleg for reinhaldd og registrering av deltakarar. Ta kontakt med kyrkjekontoret for spørsmål om leige/utlån, telefon 400 03 316, eller e-post: post.oygarden@kyrkja.no

Kyrkjevevja

Innhald

Basecamp Redesign 4–5
Ny kantor i Fjell 6
Jazzgudsteneste i Foldnes... 7
Nytt klokkeår i Landro..... 8
T-dagen.....9-11

Personalnytt

Mathilde Karin Dale (27) er tilsett i vikariat i Øygarden kyrkjelege fellestråd fram til april 2021. Ho skal arbeide som administrasjonskonsulent med oppgåver som resepsjonsteneste, konfirmantadministrasjon, koordinere HMT-arbeidet for verksemda, personalarbeid, leiing av eitt sokneteam samt andre førefallande oppgåver.

Mathilde har i seinare tid arbeida som ungdomsarbeidar og kyrkjetenar.

Olav Martin Vik gjekk av som kyrkjevevja 01.09. Fram til 01.04.2021 vert Olav Martin rådgivar og skal mellom anna drive opplæring og kompetanseformidling internt i organisasjonen. Han vil også vere redaktør for Fjell kyrkjeblad og ØyNytt ut dette året.



–Mykje fokus på redesign



Anette Lokøy Fjæreide held på å polstre om stolar for ein restaurant i Bergen.



15-26. september hadde Basecamp RePro ein pop-up shop på Sartor Senter. –Det er fleire som kjem innom her enn det pleier å gjere i butikken vanlegvis, seier Jon Andreas Tjentland, dagleg leiar på Basecamp.

Anette Lokøy Fjæreide, 44 år fra Litle Sotra, byrja å jobbe på Basecamp RePro Redesign i april i år. Redesign har ein lita butikk ved siden av RePro sykkelverkstaden, over gata frå Meny på Straume.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Kan du fortelje litt om Basecamp RePro Redesign?

Basecamp RePro er eit arbeidspraksistilbod for ungdommar mellom 16 og 25 år som står utan jobb- eller skuletilbod. På Basecamp RePro kan ein velje om ein vil søke seg inn på sykkelverkstaden eller redesignverkstaden..

På redesignverkstaden lagar vi nye ting av brukt og gammalt. Vi pussar opp småmøblar, stolar, malar og syr, men det vi produserer er ikkje sjølvne målet. Ønskje er at ungdom skal få arbeidserfaring, lære seg eit handverk og hjelp til å kome vidare ut i jobb/utdanning, og så er redesign og sykkelverkstaden hjelpemiddelet for å nå dette målet.

Korleis er ei vanleg dag på jobben?

Arbeidet og dagane er veldig varierte, det er kjekt å kunne bruke kreativiteten. Den siste tida har vi til dømes laga møblar til ein utestad i Bergen, utforma og laga utsmykinga til sykkelgarasjen på Straume terminal og trekt om fleire stolar på bestilling. I tida som ligg føre skal vi mellom anna sy kostymer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og produsera julepynt ein kan få kjøpt i butikken vår.

Kva type oppdrag tek de imot?

På redesignverkstaden er vi behjelpelege med å trekke om stolar, søm av puter, gardiner og klede som må fiksast. I tillegg lagar vi forskjellige produkt som vi stiller ut og sel i butikken vår. Unike produkt

ein ikkje finn i andre butikkar. Gåvene til dei som har alt, finn ein hjå oss. Vi sett og stor pris på donasjonar. Det som folk ikkje har bruk for er utgangspunktet for arbeidet vårt. Difor tar vi gladeleg imot stoff, interiør og småmøblar o.l. Kanskje kan vi skapa noko nytt av det?

Kva er det kjekkaste med å jobbe på Basecamp RePro Redesign?

Det kjekkaste med jobben er å skape nye ting som folk sett pris på. Så er det morosamt å få arbeide med gjenbruk.

Det har vore mykje fokus på gjenbruk den siste tida og mitt inntrykk er at folk har blitt mykje flinkare til å ta vare på og fiksa det dei har av klede og møblar.

Ny kantor i Fjell

I august byrja Malgorzata Anna Tveit som kantor i Fjell kyrkje.
– Eg føler at eg er blitt teken godt imot, seier ho.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



MALGORZATA ANNA TVEIT

- Alder: 51
- Kjem frå: Polen, har budd i Noreg i 26 år
- Bustad: Førde
- Sivilstand: Gift
- Utdanning: Mastergrad frå Musikkhøgskule i Polen, Fakultet for Direksjon, Komposisjon og Musikkteori

No har du vore her i nokre veker, kva er ditt inntrykk av jobben i kyrkja så langt?

Det er veldig kjekt å vere her. Det er eit godt arbeidsmiljø og eg føler at eg er blitt teken godt imot. Det er alltid litt ekstra når ein startar i ein ny jobb. Eg skal gjere meg kjent i området og ikkje minst gjere meg kjent med instrumenta i kyrkjene her. Det blir noko ekstra øving. Det er kjekt å vere her og så langt har det gått bra.

Har du nokre spesielle planer for musikklivet i kyrkja, er det noko du vil prioritere?

Eg vil prioritere å halde den kyrkjemusikalske planen, og samstundes vil eg prøve å vere kreativ og gjerne nytte andre instrument enn orgel i tenesta. Eg ser også veldig fram til å arbeide med Sotra Reviderte og Fjell kyrkjebrass, og eg ynskjer å ha dei med på gudstenester, konsertar og musikkprosjekt.

Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er gift og har tre vaksne born. Eg har budd i Førde sidan 1999 og no vert eg pendlar mellom Sotra og Førde.

Kva fekk deg til å søkje på stillinga i Fjell kyrkje?

Eg byrja å søkje jobb her i området for nokre år sidan fordi dattera mi gjekk på skule i Bergen og jobba her, og så hadde eg lyst til å komme litt nærmare eit større musikkmiljø.

Kva har du jobba med tidlegare?

Før eg kom til Noreg, jobba eg som solist i Warszawas Militærdistrikts Konsertensemble og medan eg studerte ved Musikkhøgskule i Polen, jobba eg i fleire år som korist ved Det Filharmoniske Konserthuset i Lodz i Polen.

Etter at eg kom til Noreg i 1995 byrja eg å jobbe som organist og dirigent i Jølster kommune. Seinare var eg musikkskulerektor i Gaular kommune. Dei siste åra har eg vore organist i Askvoll kommune og har også vore dirigent for kor der.

Jazzgudsteneste i Foldnes kyrkje



Kveldsbøn i Fjell kyrkje

Ein onsdag i månaden inviterer kyrkja til kveldsbøn kl. 20.00-21.00. Samlingane har retreat-preg, og høver for alle som treng ein pustepause med påfyll.

28. oktober

25. november

Open kyrkje

9. og 16. desember

Hjarteleg velkommen!

BARNEKOR
i Fjell kyrkje

Barnekor for aldersgruppa 4-9 år (4-klasse). Vi øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30-18.30 i Fjell kyrkje.

Kontaktpersonar:
Malene Mortensen
tlf: 480 89 010
Eivind Kausland Lie
tlf: 408 85 692

Søndag 22. november kl. 11.00 er det igjen klart for jazzgudsteneste i Foldnes kyrkje, også denne gongen med tonefølgje av ei gruppe frå Sotra Storband.

Arvid Steinar Haugen - trompet

Rune Landro - altsax

Torleiv Jarland - trombone

Erlend Gjøen - bass

Odd Magne Johansen - trommer

saman med forsongarar,
organist Aasmund Brekke
og prost Jan Tommy Fosse.

Det blir ei nattverdsgudsteneste der vi syng både gamle og nyare salmar, med nyskrivne arrangement i jazzens tonespråk. I tillegg blir det nyskriven musikk til alle liturgiske ledd, i form av ei Jazzmesse komponert av Aasmund Brekke i høve 150-årsjubileet for Os kyrkje i 2020.

Landro sokn

Klokkene ringer
frå nytt tårn

Landro kyrkje har fått nytt klokketårn. Det gamle er rive. No kan me endeleg ringe frå det nye klokketårnet. No heng ikkje klokkene lenger rett over hovudet på dei som kjem til kyrkja.

Takk til kommunen som har bidrege med planlegging og pengar og til Sartor Maskin AS som har stått for byggearbeidet. Fellesrådet har medfinansiert tiltaket.

Landro
barne- og
tweenskor

Barnekoret i alderen 1.-4. klasse, øver kvar tysdag frå kl. 17.30 til 18.25 i Landro kyrkje.

Tweenskor i alderen 5.-8. klasse, øver kvar tysdag frå kl. 18.35 til 19.30 i Landro kyrkje.

Er dette noko for deg? Bli med på ei øving tysdag kl. 17.30. (18.35 for tweens). Foreldre til dei minste bør vere med.

Av omsyn til koronasituasjonen er det fint om vi får ei melding på førehand om kven som kjem. Vi tek smittevern på alvor.

Mvh. Eline Olsen, organist og barnekorleiar i Landro kyrkje. Tlf. 90605332, email: eo632@kyrkja.no

JAZZ-GUDSTENESTE



Søn. 15. nov. kl. 11.00
i Landro kyrkje

Band:

Eline Olsen - flygel
Rune Landro - sax
Anne Kristine W. Turøy - trompet
Torleiv Jarland - trombone
Thomas L. Lossius - bass
Odd Magne Johansen - trommer

Prest:

Bjarte Nese

Forsongar:

Laila L. Lossius

Kollekt 

Arr: Kyrkja

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar måned kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnespel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar måned kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630
- Ungdomslørdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Kveldsbøn:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710
- Fjell barnekor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Onsdagsmøte: I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
- Nordre Fjell Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
Tweenskor: 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Ungdomsklubb:** I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Velkomen
på T-dagar i haust!T14 «Kick-off til
konfirmanttida»

Alle tre kyrkjene, 14. oktober



T10 «Tweens»

Blir førebels utsett, til vi finn ei praktisk løysing som er smittevernforvarleg



T12 «LysVåken»

Laurdag 21.- søndag
22. november i Fjell kyrkje



T3 «Advent»

Søndag 29. november kl. 11
i alle tre kyrkjene

Det vil kome meir utfyllande info om desse T-dagane etterkvart. Det er difor veldig viktig å følgje med på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/t-dagen

Vi er òg på Facebook, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.





Stolte fireåringar fekk utdelt boka "Linda og den vesle kyrkja" under gudstenester i Fjell, Landro og Foldnes kyrkje. Her frå Foldnes kyrkje.



Det var god stemning i kyrkjene når dei ferske 1. klassingane fekk kome på T6 Skulestartdag. Her fekk dei utdelt 6-årsbok, leike, høyre på forteljing og dei fekk skulesekk-velsigning.

Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 11. oktober	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Kirkelig dialogsenter Bergen
Søndag 18. oktober	11.00	Familiegudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Den Norske Israelsmisjon
Søndag 25. oktober	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Areopagos
Søndag 01. november	11.00	Minnegudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Misjonsalliansen
Søndag 08. november	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp	Eige arbeid
Søndag 15. november	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp og nattverd	Sjømannskirken
Søndag 22. november	11.00	Lys våken gudsteneste	Morten Torsvik		Søndagsskolen Norge

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 04. oktober	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Eige arbeid
Søndag 18. oktober	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Norges KFUK-KFUM
Søndag 25. oktober	19.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	IKO - Kirkelig pedagogisk senter
Søndag 01. november	11.00	Minnegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Kirkens Familievern
Søndag 08. november	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp	Eige arbeid
Søndag 22. november	11.00	Jazzgudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp	Sjømannskirken

Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 04. oktober	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 18. oktober	11.00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	TV-aksjonen UNICEF
Søndag 25. oktober	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Blå Kors i Norge
Søndag 01. november	11.00	Minnegudsteneste	Bjarte Nese		Institutt for sjelesorg; Modum
Søndag 08. november	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Stefanusalliansen
Søndag 15. november	11.00	Jazzgudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 22. november	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Bildøy Bibelskole

Endringar kan komme. I tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester.

Sjå på nettsidene: www.kyrkja.no/oygarden

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,
andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

Visitas i Sund og
Hjelme og Blomvåg

I byrjinga av november kjem biskop Halvor Nordhaug på visitas til Sund sokn. Visitasen har vore planlagt i lang tid og den involverer også kommunen. Under ein visitas har biskopen dialog med kommunen sine leiarar. I byrjinga av februar 2021 kjem biskopen på visitas i Hjelme og Blomvåg sokn.

Fjell kyrkje

Døyppte

23.08.2020

Adam Vindenes Raum
Live Marie Ulveseth
Nelia Lovise Lie Ivarsen

22.08.2020

Alida Lilleskare Sandtorv

30.08.2020

Vilde Hjartøy Nordvik
Thomas Alden Ekren
Mikkel Haugstad Bruvik

06.09.2020

Henning Algrøy
Frida Melsæter Fallstrøm
Konrad Nerheim Lervik

12.09.2020

Nora Clausen Solstad
Ava Gerhardsen Oppermann

13.09.2020

Oscar Hodnekvam Bergerud
Anna Sofie Rindheim Nilsen

Vigde

22.08.2020

Hege Lilleskare og Stian Sandtorv

12.09.2020

Charlotte Line Evensen og
Christopher Haugland

Døde

Ole A. Nesse f. 1945

Foldnes kyrkje

Døyppte

22.08.2020

Mia Franche

23.08.2020

Nikoline Nilssen
Sofia Lie Lavik

30.08.2020

Oskar Keanu Hansen Lindhjem
Benjamin Tyssøy
Jonas Nilsen Farestveit

06.09.2020

Alexander Richard Schjerven

Vigde

29.08.2020

Hanne Linn Gjerde og Alf Bringdal

Døde

Anskar Øksnes f. 1933
Aase Strønen f. 1927
Mary Johanne Sunde f. 1929
Bergljot Åshild Myrtveit f. 1935

Landro kyrkje

Døyppte

30.08.2020

Leander Solsvik Sekkingstad
Jenni Høgheim Apeland

13.09.2020

Mathias Todd Løyning

Døde

Johanne Kristin Ågotnes f. 1929
Ingeborg Nordheim f. 1921
Reidun Thorkildsen f. 1942
Jens Arne Vindenes f. 1947

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

LED

Leiarkurs for ungdom

LED er vårt leiartreningsopplegg for unge året etter konfirmasjonstida. Deltakarane får ei innføring i kyrkja sitt arbeid, lærer om kommunikasjon, samarbeid og organisering, kristen tru, leiaransvar, seg sjølv og andre. Leiartreningskurset har samling ca. ein torsdag i månaden, leiarweekend i oktober, praksis i kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid lokalt, og eit fantastisk fellesskap!

Om du ikkje har meld deg på endå er det framleis mogleg på kyrkja.no/funk/led

Frist for påmelding: søndag 4. oktober

Velkommen!

Helsing frå leiarane

Beate Sørhus, Søgne L. Nilsen,
Knut Erling Gammelsæter og Maria A. Stokke

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Solstrands
Begravningsbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bjorgvin Døgnvakt 55 20 23 00
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Babysong i Fjell kyrkje

Måndagar kl. 12.30-13.30

I haust blir det samarbeid mellom Åpen barnehage og T-dagen

Påmelding skjer på Facebooksida til KFUK - KFUM åpen barnehage Øygarden



Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:
3. november



Takk for di gåve!

Øygarden kyrkjelege fellelråd:
82511

Foldnes kyrkje:
76022

Basecamp RePro:
76162

Landro kyrkje:
96889

Fjell kyrkje:
80304

Merk meldingen med føremål og dato

Forfølging av kristne aukar

Kring 260 millioner kristne vert forfølgd for si tru over heile verda, ifølge den kristne organisasjonen «Åpne Dører».

Nord-Korea er verst og ligg øvst på World Watch List (2020) som meiner at mellom 200.000 og 400.000 kristne er i arbeidsleirar i regi av styrsmyndene.

Kina har innført sterkare kontroll med kristne. Der aukar også talet på kristne. Mellom dei 10 verste landa i forfølging finn ein mellom anna Somalia og India.

I Midt-Østen generelt vert kristne minoritetar fordriven.

I Nigeria vart over 3700 kristne drepne i 2018, det er nesten dobbelt så mange som året før. Landet er råka av den største delen av rapporterte drap dokumentert i rapporten.


Les meir på: www.opendoors.no

Ein annan organisasjon som arbeider for forfulgte kristne er Stefanusalliansen.

Søndag 8. november vert markert som dei forfulgte sin dag, over heile verda. Stefanusalliansen skriv dette: «Denne dagen står vi sammen i solidaritet med kristne over hele verden som opplever diskriminering og forfølgelse. Samtidig står vi opp for retten til trosfrihet for alle mennesker»

Les meir på: www.stefanus.no

Barnekryssord



Vannrett:

1. Varmekilde
4. Guttenavn
7. Vokser på tre
10. Geir Eriksen
11. Land
13. Norsk Rikskringkasting
15. Moderne
16. Frå Kroatia
18. Merke

Loddrett:

1. Veldig bra
2. Elv i Russland
3. Skratte
4. Nedbør
5. Nummer
6. Fotballag
8. Lars Olsen
9. Ën Gerhardsen
12. Jentenavn
14. Synger sammen
17. Sivbåt

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord
Frist: 3. november


Vinnar av Barnekryssord i nr. 4 – 2020:
Daniel Snekkevik-Vindenes
frå Misje

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd